

Bygdøy i september 1958.

Emne nr. 68.

I samarbeid med
KULTURGEOGRAFISK REGISTRASJON

BÅLBRENNING PÅ VISSE DAGAR I ÅRET. ^{PÅ} VESTLANDET

Denne emnelista er den første i ei rekke lister om elden.

Namn.

1. Kva heiter bålet i Dykkar bygd (t.d. brise, brising, briseld, brenne, bål, fyr, rauk, såte o.l.) ? *Vete eller kaal*
2. Nyttar de ulike namn på eit bål som de brenner bare på visse dagar i året og eit heilt vanleg bål som vert tent ute i det fri ? *Bål*
3. Er det ulike namn som viser at bålet er stort eller lite ?

Tida.

4. Hugsar folk at dei i julehelga i eldre tid brende bål av ved som dei hadde sankt saman serskilt for dette ? *Nei*
5. Hugsar folk ennå "julelog" ? - Julelog var ei lang stang som dei hadde bunde fleire tyristikker til med vidjer. Dette sette dei opp på ein fjellknaus, helst slik at dei kunne sjå det frå huset og frå gardane ikring. Dei bar det ut og sette det opp når julegrauten var ferdig og tende det samstundes som dei tende juleljøset i stova. *Nei*
6. Brende dei bål i påskehelga, og i tilfelle når ? *Nei*
7. Tende dei bål påskemorgonen når dei gjekk for å sjå sola dansa ? *Nei*
8. Brende dei bål
afta
a. Jonsok-kvelden. *ja*
b. Pinse-afta.
c. Syftesok-kvelden (1. juli).
d. Olsok-kvelden (28. juli). *sjeldan*
9. Brende dei bål på andre dagar (t.d. "støls-eld", første dagen krøtera låg ute i marka, eller før dei slepte kyrne ut or fjøset) ? *Nei*
10. Var det elles visse dagar då dei gjorde opp eld for krøtera og droiv dei gjennom røyken eller let røyken driva mot dei? Kva dagar var i tilfelle det ? *Juledagane tid for å verna mot*
11. Dersom dei brende bål for krøtera, tende dei då dette om dagen, medan t.d. jonsok-bål vart tent dagen før (på afta)? Eller tende dei jonsok-bålet sjølve jonsokdagen? *for på afta var bålet tent.*
12. Skulle dei tenna bålet på ei viss tid, t.d. ved midnatt ? - *Nei når*
13. Skulle bålet brenna ei viss tid (heile natta) ? *Nei* *all mørketid*

Staden.

14. Hadde dei visse stader der dei brende bål kvart år (på høgder, ved ein vegkross o.l.), og kvar er bålstaden i Dykkar bygd ? *På manse hauger*
15. Dersom det var skikk å brenna fleire bål i året, t.d. både jonsok og olsok, brende dei då desse båla på same staden ?
16. Brende dei bål på kvar gard ? *Nei*
17. Brende dei bål i eller ved kveene (grindane) og kva kalla dei slike bål (t.d. "bu-eld") ? *Nei*

Dei som steller med bålet og tenner det.

18. Er alle i bygda med og brenner bål, eller er det berre visse grupper, t.d. vaksne, ugifte gutar ?
19. Fekk gjenter og gifte kvinner vera med på det ? *Ja*
20. Er det nå helst born som driv og brenner bål ? *Ja både born og vakkere*
21. Er der foreningar, t.d. ungdomslag, som har brent bål, og når tok dei til med det ?
22. Kjenner De til at sagbruks- eller fabrikk-eigarar heldt fest med bål for arbeidsfolka sine ? Når var dette, før eller etter hundreårsskiftet ?

Korleis dei bygde bålet.

23. Vart (vert) bålet bygt opp på ein viss måte, slik at det først vart laga ei grue av stein ? Kva form hadde i tilfelle denne steinlegginga ? *Nei*
24. Kva slag emne skal dei brenna (tjære-tunner, gamle båtar, visse treslag, t.d. 9 slag lauvvodd) ?
25. Vart det laga figurar i menneskeskapsnad (t.d. jonsok-kall, syftesok-kjerring) eller krossar som skulle brennast på bålet ? *Nei*

Korleis dei fekk bål-vyrke.

26. Kjøpte dei noko av bål-vyrket, t.d. gamle båtar ?
27. Skulle alle yta noko til bålet ?
28. Hadde dei lov å ta (stela) vyrke til bålet hjå andre, t.d. gamle ting som låg og slong ?
29. Hadde dei noko namn på dette, t.d. brannskatt ?
30. Er det tradisjon om dette som har halde seg til nå ?

Korleis bålet skulle vera.

31. Var dei båla som vart brende til dei ymse tider, like store og like på skap (det vert t.d. fortalt at olsok-bål i seinare tid var små) ?
32. Var det om å gjera å ha største bålet ? *Ja*
33. Skulle bålet brenna med stor flamme og lysa så sterkt som mogeleg ? *Ja*

34. Skulle bålet ryka så mykje som mogeleg, og korleis fekk dei det til å ryka mest ?
35. Skulle det spruta mange gneistar av bålet, og korleis fekk dei det til ?

Kva bålet skulle tena til.

36. Skulle ljuset eller røyken driva bort noko, og i tilfelle kva?
37. Skulle elden eller røyken vera god for krøtera, og korleis (t.d. verna dei mot trolldom) ?
38. Skulle dei kasta brandar frå bålet på kvarandre eller ein annan stad (t.d. på ein åker), og kvifor?
39. Kunne dei ta varsel av flammen, røyken og gneistane (gneistregnet), og kva var det dei i tilfelle tok varsel for ?

Sjølve festen ved bålet.

40. Hadde festen ved bålet serskilt namn (t.d. jonsok-leik, sankthans-leik) ?
41. Var det i eldre tid slik at berre ungdommen heldt seg ved bålet, medan dei eldre sat heime i stova og festa på sin måte ?
42. Heldt dei seg ved bålet heile natta (vaka) ? *Nei - dei pratna*
43. Åt og drakk dei (alkohol) ved bålet, og hadde dei niste med seg (t.d. slik at gutane hadde drikke og gjentene kaker, lefser o.l.) ? *Nei og gjekk heim*
44. Dansa dei rundt bålet, eller gjekk dansen for seg etterpå på ein annan stad, t.d. på ein låve ? *Dei laga ringdans osv*
45. Hoppa dei over det nedbrende bålet ? *og heldt "fikkem"*
46. Sprang dei gjennom røyken ?
47. Tok dei med seg noko kol frå bålet og gøymde ? Kvar gøymde dei det, og kvifor gjorde dei dette ? *Nei*
48. Dersom De kjenner skikkar og truer i samband med bålbrenning som vi ikkje har spurt etter, så ver gild å fortelja om det.

Skikken idag.

49. Kva meiner folk om bålbrenning i dag, har den noko oppgåve og i tilfelle kva for oppgåve ? *Noro*
50. Har skikken med å brenna bål halde seg lik i manns minne, har den auka eller minka ? *Har halsharvita*
51. Kva meiner dei er grunnen til at skikken i nyare tid har auka eller minka ?

Dorthea Palcke

Lundagjær

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke:

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Emne:

Bygdelag:

Oppskr. av:

Gard:

(adresse):

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Svare er skrivne på spyrjelistene når det fell
lettast. Og då so mange spørsmål er framande for meg

har andre skreve, som emnenr 65, tilleg er svara på av
bonde Andreas Nes, Saudasjøen Og Elles har forskjellig
menn eg har funne svara på sume andre spørsmål.

Eg ser de skriv jonsokveld, men pinseafta.

Eg trur det er feil med kveld ogso om jolefta.

Dei som enno talar bygdemål segjer afta eller efta om
alle eft~~er~~, jol påske, pinsti, jonsok og olsok.

D^{et} fell ingen inn å segja t.d. jonsokveld om jonsok
afta. det er synd at nemning jolekveld ser ut ti å avl^{igsa}
afta. jolekvelden er førstedags kveld efter gamalt.

Elles må eg be om orsaking for dette seine svar, det so

A Nes skreiv på måtte eg venta so lenge på og deretter
skadde eg meg ved eit fall og brekte ein arm og elles
vart noko molestert so det har hatt sine v~~ald~~skar å
ha med skrving.

Vyrdsamt

Dotthea Rabbe
Saudasjøen